

# Juletreffest i Fatlandskogen

Ja, det var dette me eigentleg ville innby til i desse tider, når alle ordinære juletreffestar er avlyste. I skogen vår er det nemleg korona-avstand i fleng. Men diverre får me ikkje ha dette som eit arrangement, til eit fast tidspunkt.

Difor inviterer me alle til juletreffest i **Skogstien\*\*** i **Fatlandskogen\*** på veslejulaftan, der du og dine kan komma og gå nett når det passar dykk, gjennom heile dagen. Parker ved *Ravaløo*. Du er sjølv ansvarleg for alt som gjeld smittevern, men handsprit er utplassert.

To opningsseremoniar blir utførte gjennom dagen:

- Avduking av *Svin på skogen*
- Påduking av *Norges lengste langbord*

Om seremoniane blir utførte av kongen eller julenissen, er ikkje heilt avgjort enno. Tidspunkt for desse seremoniane er hemmeleg, elles ville det bli eit arrangement.

Låvenissen i *Ravaløo* dukkar sikkert opp i ny og ne og spelar julemelodiar på nissefjøla si i *Skogstien*.

Bålpanna ved *Det lange bordet* vil brenna heile dagen. Hiv gjerne på ein kubbe om det trengst. Bålpanne også i gapahuken ved Fatlandsvatnet. Grilling av julepølsene dine er ein knakande god idé.

Langs *Skogstien* er det mange dyrefigurar. Desse er laga av **Kjell Musland**. Informasjon om skogen og naturen finn du gjennom heile stien.

Gå gjerne etter klokka 1600, då er *Skogstien* spesielt stemningsfull (lommelykt), med lysande juletre.


Det er mykje som ikkje er ferdig i *Skogstien* enno, me vil halda fram arbeidet utover vinteren, og gjennom dei neste åra. Men du finn mykje kjekt der allereie no.

Velkomne skal de vera, du og heile familien din! Og høver det ikkje på veslejulaftan, så kom ein annan dag i jula eller romjula! Og når som helst gjennom vinteren!

*Grunneigarane Anna og Arne Gjerde  
i samarbeid med Fatland Vel*

*Slik ser det ut på fellesområdet nede ved hovudvegen, der Fatland Vel styrer ståket. Til våren vil heile dette området bli fiksa skikkeleg opp, til å bli ein endå koselegare møteplass for både unge og gamle. Foto: Anna.*





**\*Fatlandskogen** er namnet me har gitt det flotte skogområdet innover den tusen mål store skogeigedommen vår her på Fatland, sør på Halsnøy, i Kvinnherad kommune.

Planen var å laga ein stor allsidig park, *Gullparken*, som skulle ha grøn omstilling som bakteppe. På grunn av byråkratisk inkompetanse, har me måtta gi opp dette for vår del. Kravet om at prosjektet skal vera med i kommunedelplanen står likevel ved lag, slik at kommande eigarar kan realisera det.

I mellomtida fullfører me to gamle (Anna og Arne) iallfall litt av det som var tenkt å inngå i *Gullparken*, for å gi folket eit tilbod som høver i desse korona-tider, der fysisk avstand mellom folk er nødvendig, men der den sosiale avstanden av same grunn bør vera kortare enn før.

*Fatlandskogen aktivitetsområde* består av desse prosjekta, som alle er under opparbeiding:

**Skogstien:** Ein sti som fortel om skogen, skogbruket, naturen, dyrelivet, plantelivet og kulturlivet. Grunneigarane er ansvarlege for å opparbeida denne.

**Høgåsvegen:** Ein rullestolvennleg bilveg på ein kilometer, som vidare innover går over til traktoveg og sti, som fører til topps på *Høgåsen*. Undervegs finn du kulturminne og andre objekt. Grunneigarane har opparbeidd denne vegen, men *Haug og hammer* (turlaget ved *Fatland aktivitetshus*), kanskje også andre, vil bidra med objekta framover.

**Fatlandsvatnet rundt:** Også kalla *Asmervikstien*, sidan det er *Kjell Rune Asmervik* som er eldsjel for denne. Passeleg trimløype, rundt ein halvtime. Fatland vel har ansvaret for opparbeiding og vedlikehald.

**Turløypene:** Dei tradisjonelle merka turløypene rundt om på øya, som *Halsnøy o-lag* og *Haug & hammer* har ansvaret for. Frå *Raualøo* i Fatlandskogen kan du lett gå til desse turmåla: *Sydnessåta* (Såto), *Tjobergshaugen*, *Svanevik*, *Trollåsen*.

**Gullhaug:** Eit lite parkanlegg som skal vera del av næringsgrunnlaget på garden. Er under opparbeiding, grunneigarane er naturlegvis dei ansvarlege.

**Raualøo** er startpunkt for alle desse prosjekta i *Fatlandskogen*. Der er det parkeringsplass (A) for rundt 20 bilar. Hundre meter lengre inne (B) er det parkering for 40 bilar til. Ved *Raualøo* finn du oppslått kart og informasjon. Det er også lause kart som du kan ta med deg på turen.

Nettstaden [www.fatlandskogen.no](http://www.fatlandskogen.no) vil komma på plass med det første.

**\*\*Skogstien** treng litt nærare omtale. Omgrepet *skogsti* er ei offisiell nemning på ein sti som inneheld fagleg informasjon om skog og skogbruk, og om det som rører seg i naturen. Informasjonen gjeld altså alle sider ved skogen og bruken av den.

*Skogstien* i *Fatlandskogen* er ein slik skogsti. Men i tillegg har me lagt inn litt om kultur, gjerne også litt ultralokal kulturhistorie. Men legg gjerne på litt humor her og der. Og aktivitetar som er med på å byggja folkehelse, høyrer naturleg med.

Berre rundt ein tredjedel av *Skogstien* vil bli ferdig i vinter. Når han er ferdig, vonleg om eit par år, dersom helsa og lommeboka held, vil han vera på over ein kilometer.

*Beste helsing Anna og Arne*